

## **Samandrag - Årsmelding 2015for OIL / skigruppa**

### **Styret 2015:**

Leiar: Bjørg Olaug B Reigstad.

Nestleiar: Robert Skjerping.

Skrivar: Herdis Helle.

Kasserar: Bernt Johan Flæsland.

Styremedlem: Øivind Aasheim, Torstein Mjelde, Johnny Mostrau, Emil Hosøy.

Varamedlem: Åge Myking, Kari A Hestnes.

### **Styrets arbeid:**

Styret har hatt 4 styremøte og handsamma 29 saker. Representantar frå styret har delteke på det årlege vårmøtet og haustmøtet som vert arrangert av Hordaland skikrins.

Lysløypeprosjektet på Rolland, anleggsmemda seier at gruppa som arbeidar med lysløypeprosjektet for tida ikkje fungerer godt nok. Vanskelig å få til møte og kommunikasjon. Kommunikasjonen mot styret bør bli betre. I samband med prosjektet har det vore møte med alle grunneigarar og alle er positive til skogsbilveg på 5,5 km. Planen er sendt til landbrukskontoret for teknisk godkjenning. Prosjektet arbeidast vidare med. Øyvind Litland er leiar for anleggsmemda.

Me arrangerte også i år krinssamling for juniorløparar i Hordaland skikrins- langrenn. 25 deltakarar. Trenarane var våre eigne. Arrangerte ei anna helg treningssamling for våre eigne. Styret har organisert 3 inntektsgjevande dugnader: Osterøymarknaden, Krinssamlinga og Skibasaren. Elles fleire laurdagar med mykje dugnadsarbeid i lysløypa. Det er bygd garasje til snøscoteren på Rolland. Me har arrangert smørjekurs på Rolland, med god deltaking. Dette var gratis for dei med ungar i skigruppa. Skigruppas serviceteam var kurshaldarar. Styret nominerte dei tre trenarane Eirik Brakvatne Mjelde, Emil Hosøy og Lars Braathen Reigstad til årets eldsjel 2016. Johnny Mostrau og Torbjørn Småland er også ein del av trenarteamet. Serviceteamet består av Øivind Aasheim og Bernt Johan Flæsland. Dei representerer Hordaland skikrins på nasjonale renn. Øyvind Litland er vald til å være med i 100 års jubileums gruppa til OIL.

### **Vurdering av aktivitet i forhold til mål:**

Lysløypecupen vart arrangert 2 gonger. Avslutning/premieutdeling vart halden på Rolland, her var også pølsegrilling, leik og moro.

Svært god rekruttering og godt oppmøte på alle treningar, spesielt rullskitreningane på laurdag. Tilbod om 5 fellestreningar i veka for 13+. Skisamling på Geilo i desember. Her er stort sett alle utøvarar med.

Våre utøvarar deltek på alle krinssamlingar i Hordaland skikrins heile året. Me har deltakarar på alle renn som vert arrangert i Hordaland skikrins og er ein av klubbane som har flest deltakarar med. Vidare har me løparar med på Norgescup for juniorar, NM for juniorar, Hovedlandsrennet for 15-16 åringar og Ungdommens Holmenkollrenn.

Me hevder oss i toppen i Hordaland skikrins. Under Ungdommens Holmenkollrenn hadde me topplasseringar. Jonatan Gjerstad Skjerping vart nr 5 og Elias nr 12 i klassisk distanse. I friteknikk vart Elias Mostrau nr 18, Jonatan Gjerstad Skjerping nr 24 og Torjus Refsnes nr 49. Ca 300 deltakarar.

Sigurd Braathen Reigstad deltok under Junior-VM på rulleski i Val Di Fiemme. Han kom heim med sølvmedalje på 200 m sprint og 4 plass på teamsprint.

**Medlemstal:**

Skigruppa har 102 medlemmar.

**Økonomi:**

Økonomien er god.

Björg Olaus Braathen Reigstad  
Valestrandsfossen 6 mars 2016